



## Møteprotokoll

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 14.11.2023  
**Møtestad:** Kommunehuset - kantina  
**Møtetid:** 16:30 - 20:00

Følgjande møtte i råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Odd Sigvald Øksnes  
Ann Kristin Leirvåg  
Anne Bertelsen  
Mette Ekornrød  
Helge Dyrkolbotn

Frå administrasjon møtte:

Anne Hildegunn Færøy, Odd Harald Dommersnes, Kristin Nesbø

Dato 14.11.2023

Odd Sigvald Øksnes  
møteleiar

Kristin Nesbø  
møtesekretær

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
021/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
022/23	Godkjenning av møteprotokoll
023/23	Orienteringssak
024/23	Evaluering av 4-års perioden
025/23	Budsjett 2024

## **021/23: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **14.11.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **RMNF - 021/23 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **022/23: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **14.11.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **RMNF - 022/23 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

---

## **023/23: Orienteringssak**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

## **14.11.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte kort om kva tenester kommunen skal og kan levere.

### **RMNF - 023/23 VEDTAK:**

Orienteringa vert teke til vitande.

---

## **024/23: Evaluering av 4-års perioden**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Råd for nedsett funksjonsevne tar evalueringa til vitande.

## **14.11.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

- Arbeidet i rådet har hatt ei god utvikling i perioda.
- Det er viktig at ein ser alle tenesteområder og alle målgruppene i heilskap.
- Møtefrekvensen er god, og det bør vere såpass mange møter viss ein skal kunne gje innspel i saker. Møta bør vere i forkant av kommunestyremøta.
- Det er mange saker som blir tatt opp att fleire gonger utan at ein får ein konklusjon.
- Ikkje nok gjennomslag i saker. Det er viktig at det som blir tatt opp i rådet blir tatt opp vidare til kommunestyret.
- Ønske om tidleg involvering i saker.
- Råda bør bli brukt som høyringsinstans i fleire saker enn budsjett, som til dømes plansaker og prosjekt.

Handsaming i rådet:

Rådet tar evalueringa til vitande.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt.

### **RMNF - 024/23 VEDTAK:**

Råd for menneske med nedsett funksjonevne tok evalueringa til vitande.

---

## **025/23: Budsjett 2024**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

## **14.11.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Økonomi- og HR sjef Odd Harald Dommersnes hadde ein gjennomgang av framlegg til budsjett.

Framlegg til vedtak:

Råd for menneske med nedsett funksjonevne har følgjande innspel til budsjett 2024.

Det må setjast av driftsmidlar til materiell og utstyr ein treng på Arbeidssenteret.  
Positivt at det er eit forslag til 100 % stilling delt på arbeidsleiar for Arbeidssenteret og arbeidsleiar for Grønt Arbeid. På sikt bør stillingane vere 100% i kvar eining.  
Arbeidssenteret bør ha ein bil til disposisjon på dagtid.  
Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne  
Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtakk

**RMNF - 025/23 VEDTAK:**

Råd for menneske med nedsett funksjonevne har følgjande innspel til budsjett 2024.

- Det må setjast av driftsmidlar til materiell og utstyr ein treng på Arbeidssenteret.
  - Positivt at det er eit forslag til 100 % stilling delt på arbeidsleiar for Arbeidssenteret og arbeidsleiar for Grønt Arbeid. På sikt bør stillingane vere 100% i kvar eining.
  - Arbeidssenteret bør ha ein bil til disposisjon på dagtid.
-